



Kven er kadettane ved Krigsskolen?

Kadettane sine politiske haldningar og deira sosiale bakgrunn

Audun Orten Trovåg

Bachelor i militære studier, ledelse og landmakt

Emne fordypning

Krigsskolen

2018

Innhold

1	Innleiing.....	1
1.1	Bakgrunn og problemstilling.....	1
1.2	Avgrensing	1
1.3	Disposisjon	2
2	Metode.....	3
2.1	Val av metode.....	3
2.2	Kjeldeval	5
2.3	Metode- og kjeldekritikk.....	6
3	Teori	8
3.1	Civil-military relations (CMR) og problemstillingane i faget	8
3.2	Subjektiv og objektiv civil kontroll	9
3.3	«The civil-military gap» og TISS-studien	9
3.4	Relevansen av politiske haldningars og sosial bakgrunn	10
4	Analyse	12
4.1	Kadettane sin generelle bakgrunn	12
4.2	Politiske haldningars	13
4.2.1	Hypotese 1: Offiserar er ei politisk homogen gruppe	15
4.2.2	Hypotese 2: Offiserar er konservative.....	16
4.2.3	Hypotese 3: Offiserar meiner det er viktig å vere lojal mot politikarane sine avgjerder	18
4.3	Sosial bakgrunn	20
4.3.1	Hypotese 4: Offiserar flest har ikkje foreldre med høgare utdanning.....	21
4.3.2	Hypotese 5: Offiserar kjem frå familiars med ei tilknyting til Forsvaret	21
4.3.3	Hypotese 6: Offiserar er religiøse, og identifiserer seg med ei kristen trusretning	22
4.3.4	Hypotese 7: Offiserar er underrepresentert frå grupper med innvandrarbakgrunn.....	23
4.3.5	Hypotese 8: Offiserar er overrepresentert frå landsdelane med flest militærleirar	24
5	Konklusjon.....	27
6	Vidare forsking	27
7	Litteraturliste.....	29
	Vedlegg	30

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og problemstilling

Fagområdet civil-military relations (CMR), som handlar om forholdet mellom militæret og sivile, er særslit studert i Noreg. Dei fleste av hovudverka innan fagfeltet er frå 50- og 60-talet, og er skrivne av angloamerikanske akademikarar. Forsking innan fagfeltet er også manglande her til lands. Vi har t.d. ingen undersøkingar som kan samanliknast med den omfattande studien gjort av Triangle Institute for Security Studies (TISS): «Project on the Gap Between the Military and Civilian Society».

Med denne bachelor-oppgåva ønsker eg å rette søkelyset mot eitt av mange spørsmål innan faget CMR, nemleg dei politiske haldningane og den sosiale bakgrunnen til dei som vel offiser om yrkesveg. I tillegg ønsker eg å finne ut om kadettane ved Krigsskolen fell inn under dei tradisjonelle oppfatningane av kven som blir offiserar frå dei amerikanske studiane og teoriane. Målet er å finne ut noko om kven kadettane er, og om dette generelt sett er i tråd med enkelte overflatiske oppfatningar av kven vi trur dei er. Eg legg derfor til grunn følgjande problemstilling:

Kva er dei politiske haldningane og den sosiale bakgrunnen til kadettane ved Krigsskolen, og er desse i tråd med tradisjonelle oppfatningar om offiserar?

1.2 Avgrensing

I ein studie av kadettane sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn, er det nær sagt ingen grenser for kor mange samanhengar mellom ulike faktorar ein kunne ha sett nærmere på. Ein kunne undersøkt om nokon av dei aktuelle faktorane har samanheng med kor godt ein gjer det på Krigsskolen, om det at ein har delteke i internasjonale operasjonar har samanheng med politiske haldningar, kva kadettane meiner i viktige forsvars- og sikkerheitspolitiske spørsmål osv. Av omsyn til å få flest mogeleg til å delta i spørjeundersøkinga som denne studien byggjer på, anonymisering av respondentane og kravet til førebuing før gjennomføring av undersøkinga, har omfanget av oppgåva etter ei avveging blitt avgrensa mot denne typen spørsmål.

1.3 Disposisjon

Etter dette innleiande kapitlet, som har hatt til hensikt å skildre målet for oppgåva og oppgåva sitt omfang, vil eg i punkt 2 presentere metoden som er valt for å svare på oppgåva. Her vil eg skildre korleis eg har gått fram for å finne relevant data og kva for kjelder eg vil bruke til til å svare på problemstillinga, i tillegg til å påpeike styrkar og svakheiter ved dei vala som er gjort i høve dette. I punkt 3 vil eg presentere relevant teori. Oppgåva vil her bli plassert i ein fagleg kontekst, for å vise oppgåva sin relevans innanfor faget CMR. I punkt 4, Analyse, vil eg dele inn i ulike underavsnitt som tek føre seg kvar sin hypotese om kva politiske haldninga og kva sosial bakgrunn offiserar har, basert på den valte litteraturen. Eg vil her bruke resultata frå kadettundersøkinga til å drøfte om kadettane ved Krigsskolen fell inn under desse hypotesane. Hypotesar om politiske haldninga blir analysert først, deretter hypotesar om sosial bakgrunn. Under punkt 5, Konklusjon, vil eg knyte nokre avsluttande merknader til det eg har kome fram til i analysen. Heilt til slutt kjem forslag til vidare forsking, referanseliste og vedlegg.

2 Metode

I denne delen av oppgåva vil metoden som er valt for å svare på problemstillinga bli presentert. Eg vil først skildre den overordna metoden, korleis eg har gått fram for å finne data til å svare på problemstillinga (2.1). Deretter vil eg skildre korleis eg har gått fram for å velje relevante kjelder til å sette opp hypotesane som blir brukt i analysen (2.2). Til slutt blir potensielle svakheiter ved dei vala som er gjort i høve metode og kjelder bli presentert (2.3).

2.1 Val av metode

Ein kvantitativ metode har blitt valt for å svare på problemstillinga i denne oppgåva. Dette fordi studien tek sikte på å finne og skildre dei generelle trekka ved kadettane sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn. Oppgåva går i breidda, ikkje i djupna, og er såleis eit ekstensivt studium (Jacobsen, 2005, s. 87). Den vil ikkje ta føre seg dei meir detaljerte variasjonane og nyansane i høve temaet, som kjenneteiknar ein kvalitativ metode (s. 31). Ei avgrensing som ligg i denne typen tverrsnittstudie er at målet berre er å studere røynda på eit gitt tidspunkt, ikkje utviklinga over tid (s. 102).

Som ei naturleg forlenging av valet om å bruke kvantitativ metode, valte eg å utarbeide spørjeskjema (sjå vedlegg). Dette fordi spørjeskjema er ein enkel og oversikteleg måte å samle inn mykje informasjon på. Ved å standardisere spørsmåla og svaralternativa i eit pre-koda spørjeskjema, vil svara vere samanliknbare. Ein fordel med dette er at ein får svar på det ein spør om, men samstundes får ein ikkje informasjon utover dei oppgitte spørsmåla og svaralternativa (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016, s. 261 og 263). Med godt formulerte spørsmål, vil data vere relativt objektive og pålitelege (s. 261).

Det ligg i problemstillinga sin natur at det er kadettane ved Krigsskolen som er populasjonen i denne undersøkinga. Desse er valt fordi dei er Noreg sine framtidige offiserar. Med kadettar ved Krigsskolen er her meint alle kadettane ved den operative linja og ved ingeniørlinja. Dei som går Grunnleggande offiserskurs (GOK) har såleis blitt ekskludert. Dette fordi dei er tiltenkt ein heilt anna karriereveg enn dei andre kadettane, og har blitt rekruttert og selektert på eit grunnlag som er særskjellig frå desse.

Under operasjonaliseringa av spørjeundersøkinga, var eit sentralt spørsmål i kva grad eg skulle basere denne på spørjeskjemaet frå den tidlegare nemte TISS-studien. Fordelen med å bruke spørsmåla frå denne studien er at dei i stor grad er utforma for å få svar på mykje av det

same som denne studien handlar om, samt at det då vil vere mogeleg å samanlikne svara med svara frå den amerikanske undersøkinga. Ulempa ville vere at mange av spørsmåla ikkje er tilpassa norske forhold, fordi ein har heilt andre sosiale indikatorar i Noreg enn i USA. Spørjeskjemaet som til slutt vart utforma til bruk i høve denne oppgåva, er både basert på TISS-spørjeundersøkinga og spørsmål utarbeida særskilt for å passe norske forhold.

Når det gjeld svaralternativ, har eg brukt TISS sine alternativ der spørsmåla er meir eller mindre direkte omsett, samt der det synest å vere føremålstenleg. Dei fleste av variablane har eit lågt målenivå, då dei i lita grad kan rangerast på ein skala (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016, s. 255). Dette er ein naudsynt konsekvens av å bruke TISS-studiet sine svaralternativ, men også ein naturleg konsekvens av temaet som blir studert. Det er t.d. ikkje føremålstenleg å spørje kadettane i kor stor grad dei reknar seg sjølv som religiøse, då dette er eit ja/nei-spørsmål.

Ei anna problemstilling i tilknyting til spørjeskjemaet, var anonymitet. Sidan undersøkinga spør etter fleire sensitive opplysingar frå ein relativt liten populasjon, som i sum utvilsamt ville kunne vere person-identifiserande, valte eg å dele den inn i fem sjølvstendige spørjeskjema. Valet om å gjere spørjeundersøkinga 100% anonym var gunstig av fleire grunnar. For det første er ein, dersom enkeltpersonar ikkje kan identifiserast, ikkje melde- eller konsesjonspliktig, uavhengig av om opplysingane som blir spurt om er sensitive (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016, ss. 88-90) Det er då heller ikkje krav om samtykkeerklæring (s. 91). Å søke om løyve og å utarbeide og samle inn samtykkeerklæringar frå alle respondentane, ville ha vore tidkrevjande, og kunne potensielt lagt vesentlege avgrensingar på studien. For det andre var nok anonymisering ein føresetnad for at så mange valte å svare på undersøkinga. Heile 190 kadettar, av totalt 204, svara på spørjeundersøkinga. Det er 93% av kadettmassen. Dersom eg hadde bedt kadettane om slike sensitive opplysingar, utan å kunne garantere at undersøkinga var anonym, trur eg dette talet ville ha vore vesentleg lågare.

I forkant av gjennomføringa av spørjeundersøkinga, gjennomførte eg eit kort såkalla «pre-studie». Dette gjekk i korte trekk ut på at eg gav nokre få utvalte medkadettar høve til å gå gjennom undersøkinga og kome med tilbakemeldingar og spørsmål til formuleringane i dei ulike skjema. På denne måten fekk eg anledning til å rette opp feil og føye til presiseringar i skjemaet før eg gjennomførte undersøkinga hjå respondentane. Eit døme på dette er at eg etter gjentekne spørsmål valte å definere kva som låg i det å vere «opent» homofil.

I høve gjennomføringa av spørjeundersøkinga, gjorde eg eit par grep for å få flest mogeleg til å svare. For å nå ut til alle kadettane, valte eg å spele på lag med kullforstandarane og tillitsvalte i dei ulike kulla. Eg fekk derfor sett av tid til å gjennomføre undersøkinga for heile kulla samla i klasserom/førelesingssal. Dette gjorde også at eg kunne vere til stades i rommet og svare på eventuelle spørsmål til sjølve spørjeskjemaet. Vidare valte eg å dele ut spørjeskjemaet på papirark, då eg meinte dette ville gjere det vanskelegare for folk å unnlate å svare dersom dei fysisk fekk tildelt eit slikt. Dette trass i at det medførte vesentleg meir arbeid mtp å overføre data til digitalt format. Ein tredje sentral del av det å motivere folk til å svare, var å introdusere studiet på ein god måte. Før gjennomføringa av spørjeundersøkingane presenterte eg målet med studien, logikken bak spørjeskjemaet, grunngivinga for inndelinga av det i fem ulike skjema og kor lang tid det ville ta å fylle ut alle skjema. Eg avslutta med å oppmøde alle til å svare og opne for eventuelle spørsmål.

Sjølv om den overordna metoden for denne oppgåva er kvantitativ, vil den også måtte baserast på innslag av kvalitativ metode, eit kvalitativt dokument-/litteraturstudie. Ein del av oppgåva baserer seg nemleg på at det skal presenterast ei rekke hypotesar om offiserar generelt. Dette inneber at eg må bruke, og tolke, eit utval av teoriar og studiar frå CMR-litteraturen. Dette vil eg gå nærmare inn på i avsnittet om kjeldeval nedanfor (2.2).

2.2 Kjeldeval

Ein sentral del av denne oppgåva er å samanlikne dei funna som blir gjort i høve kadettane sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn, med dei tradisjonelle oppfatningane om kven som blir offiserar. For å kunne lage gode hypotesar i høve kva slike oppfatningar går ut på, må relevant teori frå CMR-litteraturen leggast til grunn. Sidan hovudverka innan CMR-faget vart skrivne av angloamerikanske forfattarar for over 50 år sidan, må eg gjere ei rekke tolkingar og innhaldsmessige omsetjingar for å gjere dei relevante for denne norske studien i dag. I det vidare vil eg presentere dei tre kjeldene eg vil bruke for å sette opp hypotesane.

Den beste og mest anerkjente undersøkinga som er gjort i høve offiserar sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn i nyare tid, er den tidlegare nemnte TISS-studien frå 1999. Resultata frå denne studien blir bl.a. presentert i boka «*Soldiers and Civilians*» frå 2001 (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001). Desse resultata skildrar i stor detaljgrad bakgrunnen til amerikanske militære leiarar og er relativt ny. Dei kan dermed bidra til å bekrefte eller avkrefte dei oppfatningane som blir presentert i eldre publikasjonar, og derfor til å gi hypotesane i punkt 4 eit moderne grunnlag.

Det kanskje mest sentrale verket innan CMR-teorien etter andre verdskrig, er amerikanaren Samuel P. Huntington sitt hovudverk innan fagfeltet, «The Soldier and the State» frå 1957. I denne boka presenterer Huntington sin teori i høve sivil kontroll over militæret (Huntington, 1985). I tillegg til å argumentere for såkalla «objektiv sivil kontroll» (ss. 83-85), presenterer Huntington ei rekke påstandar om kva politiske haldningar offiserar har og bør ha (ss. 59-79). Han skisserer derfor – om enn indirekte - kven som blir offiserar, basert på kven han trur den profesjonelle offiseren er. Desse argumenta vil eg bruke til å støtte opp om hypotesane til analysen i punkt 4.

Den andre store bidragsytaren til det moderne CMR-faget, den amerikanske sosiologen Morris Janowitz, publiserte i 1960 det som blir rekna som eit svar til Huntington sin teori, boka «The Professional Soldier» (Janowitz, 1971). I tillegg til å presentere ein teori om at offiserar bør søke å tilegne seg folket sine haldningar og verdiar, skildrar Janowitz kven som på den tida vart offiserar og kva for politiske haldningar og sosial bakgrunn desse hadde (ss. 3-16, 79-101, 233-255, 417-440). Også desse argumenta vil eg bruke til å støtte opp om hypotesane i punkt 4.

Til saman vil desse tre kjeldene gi eit samansett bilet av både anbefalingar, tradisjonelle oppfatningar og eit relativt oppdatert bilet av kven som blir offiserar. Eit problem står likevel att: korleis gjere hypotesane samanliknbare for norske forhold? Då det ikkje finst tilstrekkeleg relevant data og litteratur om temaet, blir det i denne oppgåva – som ein del av analysen – trekt nokre konklusjonar om korleis ein skal omsetje dei tradisjonelle oppfatningane til norske forhold.

2.3 Metode- og kjeldekritikk

Ved å gjere ein kvantitativt og ekstensivt tverrsnittsstudie ved hjelp av spørjeskjema, vil ein finne ut noko overflatisk om ei rekke faktorar slik dei ligg føre akkurat på det tidspunktet studien vart gjennomført. Ein vil i særstak grad finne ut noko om nyanseforskjellar, detaljar, bakanforliggande årsakar eller samanhengar mellom ulike faktorar. Ved å nytte ein kvalitativ metode kunne ein ha oppnådd dette, men samstundes ville ein mista mogelegheita til å sjå det store biletet.

Det ligg også fleire avgrensingar i korleis sjølve spørjeskjemaet er utforma. For det første vart det som allereie nemnt inndelt i fem sjølvstendige skjema grunna omsynet til anonymitet. Ved å gjere dette mista eg mogelegheita til å studere samanhengane mellom data på ulike skjema.

For det andre medfører valet om å i stor grad nytte TISS-studien sine spørsmål og svaralternativ visse avgrensingar mtp målenivået til svaralternativa. Den nemnte studien nyttar seg i stor grad av alternativa «Ja», «Nei», «Usikker» og «Inga mening». Dette forsterkar den allereie nemnte utfordringa med å få fram nyanseforskjellar og kvifor respondentane svara som dei gjorde.

Ei særleg utfordring når det gjeld å utforme svaralternativ til lukka spørsmål, er om ein skal nytte alternativa «Usikker» og «Inga mening». I høve nokre av spørsmåla var dette gitt, sidan dei var tekne frå TISS-studien. Når det gjeld dei spørsmåla som vart utforma særskilt til denne studien, sökte eg å ta med desse alternativa i dei politiske spørsmåla, men ikkje i t.d. spørsmål om ein reknar seg sjølv for å vere religiøs eller kva for utdanning foreldra har. Grunnen til dette var at eg meinte at folk burde ha ei formeining om dette. I ettertid skulle eg ønske at eg hadde presentert «Usikker» som eit alternativ, fordi mangelen på dette alternativet avgrensar kva vekt eg kan legge på desse svara.

Når det gjeld sjølve gjennomføringa av spørjeundersøkinga, er der eit par faktorar som kan ha påverka måten kadettane svara på. For det første valte eg å ikkje kommentere eller forklare nokon av spørsmåla uoppmoda. Dette for ikkje å påverke kva kadettane svara og for at forståinga av spørsmåla ikkje skulle vere ulik i dei forskjellige kulla. I nokre tilfelle kan dette tenkast å ha slått uheldig ut. For det andre sat kadettane side om side, i same rom, då dei svara på undersøkinga. Dette kan tenkast å ha påverka eit fåtal til ikkje å svare 100% ærleg.

3 Teori

Formålet med denne delen av oppgåva er å setje problemstillinga i ein fagleg kontekst, altså å forklare oppgåva si plassering og relevans innan CMR-faget. Eg vil byrje med å gjere greie for utviklinga av faget CMR og dei ulike problemstillingane innan faget (3.1). Deretter vil eg gå nærmare inn på problemstillingane sivil kontroll (3.2) og det sivil-militære «gapet» (3.3). Til slutt vil eg meir spesifikt gjere greie for korleis problemstillinga i denne oppgåva er knytt til dei to sistnemnte debattane (3.4).

3.1 *Civil-military relations (CMR) og problemstillingane i faget*

Faget civil-military relations handlar grovt sett om forholdet mellom sivile og militære, både mellom folket og militærvesenet generelt og mellom sivile leiarar og militære leiarar spesielt. Sjølv om den moderne CMR-debatten og faget CMR først oppstod på 1950- og 60-talet, finns det mange vesentleg eldre verk som tek opp sentrale spørsmål innan fagfeltet. Allereie Platon, i «Glaucon», og seinare Carl von Clausewitz (Clausewitz, 1976, ss. 605-610), drøfta grunnleggande ansvarsforhold og påverknadsforhold mellom høvesvis folket og militærvesenet og sivile og militære leiarar. Dette er tidlege døme på at desse problemstillingane har vore aktuelle også lenge før det moderne CMR-faget oppstod.

Etter den andre verdskriga måtte USA for første gong ha ein stor ståande hær i fredstid, ein organisasjon som potensielt kunne spele ei betydeleg rolle i nasjonal politikk. Medan den sikkerheitspolitiske situasjonen var prega av Den Kalde Krigen og opprør og revolusjonskrigar i tidlegare vestlege koloniar, vart dei første store CMR-verka skrivne, og det moderne CMR-faget oppstod. Den debatten som fekk mest merksemeld var den mellom Samuel P. Huntington og Morris Janowitz om korleis sivile myndigheiter skulle kontrollere militærvesenet for å unngå opprør og/eller militarisme. Denne debatten stod mellom det som Huntington kategoriserte som alternativa «objektiv sivil kontroll» og «subjektiv sivil kontroll» (Huntington, 1985, ss. 80-85).

Debatten som starta med Huntington og Janowitz på 1950- og 60-talet held fram, og er framleis aktuell i dag. Men i dei seinare åra har også fleire andre problemstillingar oppstått innan fagfeltet CMR. Bl.a. har offiserar sin ytringsfridom og militære leiarar sine påverknadsmogelegeheter opp mot politiske leiarar, blitt debattert. Og mot slutten av 90-talet oppstod diskusjonen om eit eventuelt «civil-military gap» - ein politisk, demografisk og

verdimessig avstand mellom folket og militærvesenet. Det er i denne konteksten TISS-studien er særleg relevant.

3.2 Subjektiv og objektiv civil kontroll

Debatten om civil kontroll over militæret starta for fullt då Samuel P. Huntington publiserte sitt hovudverk innan CMR i 1957, «The Soldier and the State». Huntington hevda at der eksisterte to sfærar, ein militær og ein civil. Han skisserte to alternative måtar å oppnå civil kontroll på, ved å «sivilisere» militæret og få dette til å spegle samfunnet (subjektiv civil kontroll) eller ved å «militarisere» militæret og gjere det til eit reiskap for staten (objektiv civil kontroll) (Huntington, 1985, s. 83). Det er ein føresetnad for objektiv civil kontroll at militæret er politisk «sterilt», medan det er ein føresetnad for subjektiv civil kontroll at militæret deltek i politiske prosessar. Huntington argumenterte for at objektiv civil kontroll er den mest føremålstenlege forma for civil kontroll, sidan den ville redusere militæret si makt i hove alle sivile grupper mest, samstundes som det legg til rette for best mogeleg militær effektivitet (s. 85).

Morris Janowitz sitt hovudverk innan fagfeltet frå 1960, «The Professional Soldier», blir sett på som eit svar til Huntington. Sjølv om Janowitz ikkje brukte sistnemnte sin terminologi, argumenterte han utvilsamt for det som Huntington skildra som «subjektiv civil kontroll». Han hevda at offiserar i det moderne forsvaret måtte vere budd på å løyse ei rekke komplekse oppgåver på vegne av staten, og at ein føresetnad for at sivile skulle forstå og støtte opp om militæret, var at avstanden mellom dei ikkje er for stor (Janowitz, 1971, s. 440). Militæret måtte derfor utvikle seg i takt med endringane i det sivile samfunnet, hevda Janowitz, dersom dei skulle vere mottakelege for civil kontroll. Det fører oss over i den moderne diskusjonen om det sivil-militære «gapet».

3.3 «The civil-military gap» og TISS-studien

Ei bok av den amerikanske journalisten Thomas E. Ricks, «Making the Corps» frå 1997, blåste liv i den gamle debatten mellom Huntington og Janowitz. Forfattaren skreiv om ei gruppe marinerekruttar sine erfaringar med å kome tilbake til den sivile verden etter å ha gjennomgått grunnleggande soldatutdanning. Desse kjente på ein avstand mellom seg sjølve og dei sivile, noko som Ricks åtvara om at kunne gjelde også for militærvesenet generelt (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, ss. 3-4). Han skildra altså ein avstand – eit «gap» - i sivil-

militære relasjonar. Men kor stort er dette «gapet»? Kva konsekvensar kan det ha for militær effektivitet? Og kva bør ein gjere med det?

Det var dei to førstnemnte spørsmåla TISS-studien skulle prøve å svare på. Studien vart gjennomført på eit utval frå det amerikanske folket og eit utval sivile og militære leiarar, og er kanskje den mest anerkjente studien av sitt slag. Den gjorde ei omfattande samanlikning av sivile og militære verdiar, meiningar og perspektiv, og innehaldt bl.a. spørsmål om respondentane sine sosiale, politiske og religiøse verdiar (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 6). Resultata vart gjort greie for i boka «*Soldiers and Civilians*» frå 2001, og ein del av dei blir presentert nedanfor i punkt 4.

Kva bør ein så gjere med avstanden mellom sivile og militære? Janowitz sine intellektuelle etterkomrarar meiner at avstanden mellom sivile og militære er for stor i USA, både i politiske spørsmål, religiøst og i høve partipolitisk tilslutning. Dei hevdar vidare at militæret er fiendtleg innstilt til det sivile samfunnet, at militæret har vore negative til endringar, og at dette i sum vil føre til eit mindre effektivt forsvar utan respekt og støtte frå folket (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 4). Huntington sine tilhengarar går langt i å legge skulda på det sivile samfunnet. Det er dette som har distansert seg frå tradisjonelle verdiar og som dermed truar forholdet mellom sivile og militære. Dei ser ikkje på folket som eit problem, men sivile elitar og politiske leiarar som er uinteresserte eller fiendtleg innstilt til militæret (ss. 4-5). Debattar om avstanden mellom folk og forsvar har vore aktuelle også i Noreg dei siste åra, med fleire saker i media om bl.a. «krigarkultur». Det finst derimot ingen norske empiriske studiar som kan samanliknast med TISS-studien, og som eventuelt kan byggje opp under påstandar om eit sivil-militært gap her til lands.

3.4 Relevansen av politiske haldningar og sosial bakgrunn

Etter dette ser vi at offiserskorpsene sine politiske haldningar og sin sosiale bakgrunn er relevant for to av dei store spørsmåla innan CMR-debatten. Informasjon om dette er relevant for å finne ut om der eksisterer ein avstand mellom sivile og militære verdiar. Ein slik avstand kan i seg sjølv, i følge Janowitz sine tilhengarar, ha politiske, tillitsmessige og økonomiske konsekvensar for militærvesenet (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 3). Den vil også kunne ha konsekvensar for i kor stor grad sivil leiing vil styre militære avgjerder i pågåande operasjonar (Gibson, 2009, s. 245) Vidare er det ein føresetnad for å kunne oppnå subjektiv sivil kontroll at militæret sine sosiale og politiske haldningar ikkje er for ulike dei sivile sine (Huntington, 1985, ss. 80-83). Og Janowitz ser på det å redusere ein eventuell avstand som eit

sentralt mål for å kunne utøve sivil kontroll med det moderne militærvesenet (Janowitz, 1971, s. 440). Slike omfattande analysar av konsekvensane av eit eventuelt «gap» er derimot ikkje prosjektet i denne oppgåva. I det vidare skal vi sjå på kvar kadettane – dei framtidige offiserane – står, samanlikna med dei tradisjonelle oppfatningane om kven som blir offiserar.

4 Analyse

I denne delen av oppgåva vil eg grunngi ei rekke hypotesar om offiserar sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn, basert på både dei tradisjonelle oppfatningane til Huntington og Janowitz, samt den relativt unge TISS-studien. Eg vil deretter, under kvar enkelt hypotese, drøfte om data frå kadettane ved Krigsskolen samsvarer med desse presumpsjonane eller ikkje. Eg vil byrje med hypotesar som omhandlar politiske haldningar (4.2), deretter om sosial bakgrunn (4.3). Aller først vil eg presentere den generelle bakgrunnen til kadettane (4.1)

4.1 Kadettane sin generelle bakgrunn

Før vi går vidare til å sjå på kadettane sine politiske haldningar og deira sosiale bakgrunn, er det på sin plass å presentere populasjonen – kadettane - sin generelle bakgrunn. Av dei 190 respondentane som deltok i undersøkinga, går 57 av dei såkalla gjennomgåande Krigsskole, noko som utgjer 30% av kadettmassen. Når det gjeld alder, er dei fleste kadettane (55%) i aldersgruppa 24-27 år. Elles er 22% 23 år eller yngre, og 23% 28 år eller eldre.

Det er eit krav for å studere ved Krigsskolen at ein har allmenn studiekompetanse. Dei fleste (61%) svarar at dei har tileigna seg denne ved å gå allmennfag/studiespesialisering, medan 30% har gått idrettsfag, 6% yrkesfag og 3% har gått ei anna vidaregåande utdanning. 81% av kadettane har ikkje studert sivilt før dei byrja på Krigsskolen, og har derfor oppgitt at vidaregåande skule er deira høgaste fullførte sivile utdanning. 14% har gjennomført årsstudium eller tilsvarande ved sivilt universitet eller høgskule, og 5% har oppnådd bachelorgrad eller høgare.

Det har til i dag også vore eit krav om gjennomført befalsutdanning før ein byrja på Krigsskolen. På spørsmålet om ein gjennomførte førstegongsteneste før ein byrja befalsskule, svara 60% at ein hadde det, medan 40% ikkje hadde det. Heile 45% har berre jobba 1-2 år i Forsvaret før ein byrja på Krigsskolen, inkludert befalsskule, medan 36% har jobba 3-5 år og 17% over 5 år.

4.2 Politiske haldningar

Samuel P. Huntington hevda at ein kunne kome fram til substansen i det militære tankesettet – «the military mind» - ved å definere dette som ein militær profesjonsetikk. Han meinte at ei gruppe menneske som utfører dei same oppgåvene over tid, vil utvikle særeigne og varige tankemønster. På grunn av ei felles verkelegheitsoppfatning vil profesjonsutøvarane – offiserane – tolke framferda og rolla si på ein slik måte at ein utviklar felles verdiar, haldningar og perspektiv. Desse verdiane og haldningane er ein del av den militære profesjonsetikken fordi dei er forankra i den unike ekspertisen, ansvaret og organisasjonen til den militære profesjonen. Profesjonsetikken er såleis ein standard som Huntington meinte ein kunne bruke til å måle profesjonaliteten til alle offiserar (Huntington, 1985, ss. 61-62).

Huntington hevda vidare at politikk ikkje er ein del av den militære profesjonskompetansen, og at deltaking i politikk ville undergrave offiserane sin profesjonalitet og verke splittande på offisersstanden (Huntington, 1985, s. 71). Dei militære profesjonsverdiane er konkrete, permanente og universelle (s. 89), medan kva som er politisk appellerande varierer frå dag til dag: “What appeals politically one day will be forgotten the next. What appeals politically to one man will inspire the hatred of another” (s. 74). Offiserane må derfor vere politisk nøytrale og lojale overfor dei militære ideaala (s. 71 og 74). Dette var, ifølgje Huntington, avgjerande for at offisersstanden skulle vere lydige tenrarar av staten, altså for sivil kontroll over militæret (s. 74).

Sjølv om Huntington hevda at lojalitet overfor eigne profesjonsideal og politisk nøytralitet var essensielt for eit profesjonelt offiserskorps, var det ingen tvil om kva for politisk og verdimesig retning den militære profesjonsetikken høyrte til. Huntington trekte ikkje inn partipolitiske samanlikningar, men karakteriserte det militære tankesettet som realistisk og konservativt (Huntington, 1985, s. 79). Det var viktig for Huntington å gjere ei slik generell kategorisering, for ifølgje han var det gunstig for militær effektivitet og profesjonalitet at den dominerande politiske ideologien i samfunnet ikkje stod i motsetning til den profesjonelle militære profesjonsetikken (s. 86 og 94). Og fordi det militære tanke- og verdisettet var konservativt, var det derfor å føretrekke at den dominerande politiske ideologien i samfunnet også var konservativ: «Unlike liberalism, Marxism, and fascism, conservatism is basically similar to the military ethic. [...] [There exists] inherent similarity and compatibility [...] between the military ethic and conservatism» (s. 94).

Vi ser etter dette at sjølv om Huntington hevdar at offiserar er, og bør vere, politisk nøytrale, så er dei eigentleg ikkje det. Dei har, og bør ha, konservative politiske haldningar. Bodskapen til Huntington må tolkast dit at det ikkje er dei politiske haldningane som skal vere nøytrale, men at offiserar ikkje skal delta aktivt i partipolitikken eller offentleg støtte politiske parti. Det ville vere å blande seg inn i eit kompetanseområde som offiserar ikkje er meint å gjere, og vil kunne verke uprofesjonelt og svekke tilliten til den militære profesjonen.

Morris Janowitz var einig i at den tradisjonelle oppfatninga var at profesjonelle soldatar skal vere heva over politikk. I eit demokrati, hevda han, betyr dette at høgare offiserar ikkje utviser tydelege partipolitiske preferansar. Offiserar er ikkje politisk valt, men offentlege tenestemenn, nettopp fordi at alle politikarar skal stole på at dei er partipolitisk nøytrale (Janowitz, 1971, s. 233). Men at ein skal vere partipolitisk nøytral, betyr ikkje at offiserar må vere upolitiske. Ein kan ikkje anta at profesjonelle soldatar ikkje har politiske preferansar. Offiserane sine politiske haldningar er eit resultat av rekrutteringa til profesjonen og den utdanninga og dei erfaringane profesjonsutøvarane tileignar seg i løpet av karrieren (s. 234).

Janowitz peika i 1960 på to sentrale utviklingar i offiserane sine politiske haldningar i første del av 1900-talet. For det første hadde dei politiske haldningane blitt meir like dei i resten av samfunnet. Dette grunna forandringar i den sosiale samansetjinga i militæret, samt auka kontakt mellom soldatar og sivile. For det andre hadde dei politiske haldningane blitt meir eksplisitte, meir utdjupa og meir doktrinelle, dei hadde blitt meir ideologiske. Trass i at offiserane sine haldningar hadde blitt *meir* representative i høve samfunnet elles, hadde dei altså blitt meir ideologiske, og ein overveldande del av dei såg framleis på seg sjølve som konservative (Janowitz, 1971, s. 235).

Huntington og Janowitz blir rekna for å vere motpolær innan CMR-faget. Men sjølv om dei ovanfor nemnte drøftingane er vidt forskjellige i den forstand at Huntington skreiv normativt og Janowitz deskriptivt, ser vi likevel klare samanhengar mellom skildringane deira. Begge rekna det som eit tradisjonelt ideal at offiserar skal vere politisk nøytrale, om enn i ulik grad og på ulik måte. Begge slutta opp om oppfatninga om at dei fleste offiserar var konservative. Og begge la til grunn at der var ein avstand mellom militære og sivile haldningar og verdiar. Desse førestillingane var tre av hypotesane som TISS-undersøkinga søkte å få svar på mot slutten av 1990-talet.

Ei av hovudproblemstillingane som TISS-studien skulle svare på, var i kva grad amerikanske offiserar identifiserte seg med eit bestemt politisk parti, og eventuelt kva for eit parti dei

identifiserte seg med. Undersøkinga viste at berre ein liten del av offiserane ser på seg sjølv som partiavhengige, og at ein stor majoritet identifiserte seg med det republikanske partiet. Særs få av respondentane svara at dei identifiserte seg med det demokratiske partiet (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 27 og 28). TISS-studien søkte også å finne ut om dei amerikanske offiserane i overveldande grad låg på ei bestemt side av skalaen liberal-konservativ. Resultata viste at ein stor majoritet rekna seg sjølv for å vere konservative, og at særs få svara at dei var liberale (ss. 32-34). Ei tredje og siste problemstilling frå TISS-undersøkinga som skal nemnast her er sivil kontroll over militæret. To av spørsmåla omhandla t.d. kven som burde ha siste ordet i høve problemstillingar om bruk av makt eller ikkje, og i kva grad offiserar meiner at dei offentleg bør kritisere politiske avgjerder som angår bruk av makt etter at desse er tatt. Eit stort fleirtal av dei militære respondentane svara at politikarane skulle ha det siste ordet, og at høgare offiserar ikkje burde kritisere desse avgjerdene etter at dei har blitt tatt (s. 95).

Som vi ser, støttar TISS-studien i stor grad dei tidlegare nemnte skildringane til Huntington og Janowitz av dei amerikanske offiserane sine politiske haldningar. Offiserane er i liten grad partiavhengige, dei er i stor grad konservative og dei har ei tilbakehalden holdning i høve det å delta i den offentlege politiske debatten om forsvarsrelaterte spørsmål. I det vidare skal vi sjå nærmare på tre hypotesar om offiserar sine politiske haldningar, og samanlikne desse med dei politiske haldningane som kadettane ved Krigsskolen gav uttrykk for.

4.2.1 Hypotese 1: Offiserar er ei politisk homogen gruppe

I TISS-studien viste det seg at 63,9% av offiserane rekna seg sjølv for å vere republikanarar, medan 8,1% rekna seg sjølv for å vere demokratar. Berre 16,7% svara at dei ikkje identifiserte seg med noko politisk parti (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 28). Dette er i tråd med Janowitz si framstilling av offisersstanden som ei gruppe som var i ferd med å bli mindre partipolitisk uavhengige og meir ideologiske. Dei amerikanske offiserane verkar i stor grad å vere ei politisk homogen gruppe.

I norsk politikk finn vi ikkje like klare skiljelinjer i politikken som i USA. Det norske politiske landskapet er meir komplisert og nyansert enn på andre sida av Atlanterhavet. Sjølv om fleire norske parti deler mange av dei overordna synspunkta og verdiane til dei to store amerikanske partia, er det ikkje mogeleg å setje likskapsteikn mellom nokon norske parti og desse. Om ei gruppe er politisk homogen, slik som offiserane verkar å vere i USA, er det derimot også

mogeleg å undersøke i høve norsk politikk. Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn:
«*Offiserar er ei politisk homogen gruppe*».

På spørsmål om kva politisk parti dei stemte på ved stortingsvalet i 2017, svara 50% av kadettane at dei stemte på Høyre. Det nest mest populære partiet var Arbeiderpartiet med 18,9%, deretter Senterpartiet med 12,6%, Fremskrittspartiet med 4,7% og Venstre med 4,7%. Medan 4,7% stemte på andre parti, svara 4,2% at dei ikkje stemte. Sjølv om Høyre sine 50% ikkje er like dominerande som Det Republikanske Partiet sine 63,9%, må ein tolke denne oppslutninga på bakgrunn av den politiske situasjonen her til lands. I Noreg har vi ni politiske parti med representantar på Stortinget, og sju av desse har over 4% av stemmene. Til samanlikning har ein i USA berre to større, landsdekkande parti. Ved stortingsvalet i 2017 vart Høyre det nest største partiet på Stortinget, med 25% av stemmene. Partiet Høyre har dermed dobbelt så stor oppslutting på Krigsskolen som på landsbasis, og ville ha hatt reint fleirtal på Stortinget dersom ein la kadettane sine preferansar til grunn. Dette er ein sterk indikator på at kadettane relativt sett er ei politisk homogen gruppe.

Eit anna interessant funn i denne undersøkinga, er at den sosialistiske sida i norsk politikk gjer det særskilt dårlig. Arbeiderpartiet, som var det einaste sosialistiske partiet som fekk stor nok oppslutting til å kunne nemnast i denne studien, fekk berre 18,9% av stemmene til kadettane. Ved stortingsvalet i 2017 fekk partiet 27,4% av stemmene på landsbasis. Dei borgarlege regjeringspartia hadde heile 59,4% oppslutting blant kadettane. Og dei ikkje-sosialistiske partia, altså dei borgarlege partia medrekna Senterpartiet, ville ha fått 72%. I dette perspektivet er kadettane faktisk ei meir politisk homogen gruppe enn dei amerikanske offiserane. Hypotesen om at offiserar er ei politisk homogen gruppe ser dermed ut til å vere beskrivande for kadettane ved Krigsskolen.

4.2.2 Hypotese 2: Offiserar er konservative

Huntington og Janowitz skildra begge offiserar som ei konservativ gruppe. TISS-studien støtta opp om dette synet. På spørsmål om kvar på skalaen mellom veldig liberal og veldig konservativ respondentane i TISS-undersøkinga ville plassere seg, skildra ein overveldande del av offiserane seg som konservative. Berre 0.3% svara at dei var veldig liberale og 4.1% at dei var noko liberale. Heile 53.8% rekna seg sjølv som noko konservative og 12.8% som veldig konservative (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 33). Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn: «*Offiserar er konservative*».

Den politiske skalaen i Noreg frå venstre til høgre samsvarar ikkje med liberal-konservativ-skalaen som blir brukt i amerikansk politikk. I Noreg handlar det politiske fløy-spørsmålet like mykje, om ikkje meir, om ein identifiserer seg med sosialistiske eller borgarlege verdiar. Dei fleste vil nok derfor ikkje ha eit like bevisst forhold til kvar dei er på den ovanfor nemnte skalaen mellom eit liberalt og eit konservativt verdisyn, så dette generelle spørsmålet vart derfor ikkje nytta i denne studien. I staden vart det brukt enkeltpørsmål om aktuelle tema i norsk politikk for å finne ut i kva grad kadettane var konservative eller ikkje. Dei to første spørsmåla omhandla høvesvis homofile og kvinner sin plass i Forsvaret, medan dei to siste omhandla staten sitt ansvar for å ta imot kvoteflyktningar.

Eit særskilt omdiskutert spørsmål i den amerikanske forsvars-politiske debatten, særleg under perioden «don't ask don't tell»-retningslinene var gjeldande (1994-2011), var homofile sin plass i militæret. Eit av spørsmåla i spørjeundersøkinga til denne studien omhandla derfor dette temaet, og vart henta direkte frå TISS-undersøkinga sitt spørsmål 59 (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 492): «Synest du homofile bør få tenestegjere opent i Forsvaret?». Det vart her, i motsetnad til i TISS-undersøkinga, presisert at det med «opent» var meint at «dei er opne om si seksuelle orientering på same måte som heterofile». På dette spørsmålet svara heile 94,7% av kadettane ja, og størsteparten av dei som ikkje svara ja, svara at dei ikkje hadde noko mening om spørsmålet. Sjølv om dette kanskje ikkje er eit særleg kontroversielt spørsmål i Noreg lenger, er det i allfall ingenting med kadettane sine svar som synest å indikere konservative haldningar i høve homofile sin plass i Forsvaret.

Eit mykje diskutert spørsmål i den norske forsvars-politiske debatten dei siste åra, er kvinner si rolle i Forsvaret. Denne debatten vart særleg aktuell etter at Stortinget vedtok kjønnsnøytral verneplikt i 2014. På spørsmål om dei generelt var for kjønnsnøytral verneplikt, svara 73,2% av kadettane ja, medan 21,6% svara nei og 5,3% «inga mening». Sjølv om dette fleirtalet ikkje er like stort som i høve det førre spørsmålet, er det likevel eit stort fleirtal av kadettane som er for den kjønnsnøytrale verneplikta. Dette kan heller ikkje seiast å indikere særleg konservative haldningar blant kadettane.

Eit av dei mest splittande tema i norsk politikk er nok innvandring. Kadettane vart i høve spørjeundersøkinga til denne studien presentert to spørsmål angåande dette temaet. Det første var om dei synest Noreg har «eit ansvar for å ta inn så mange kvoteflyktningar som mogeleg». I høve dette spørsmålet vart det presisert at det med «mogeleg» var meint «så mange som vi klarer å integrere på ein god nok måte». Eit fleirtal av kadettane, 58,9%, meinte at staten

Noreg har eit slikt ansvar. Omlag ein av tre, 30,5%, meinte at dette ikkje er tilfelle. 4,2% av kadettane svara «inga mening», medan 6,3% ikkje svara på spørsmålet. Ein ser dermed at eit fleirtal av kadettane også i dette spørsmålet gjekk for det som må seiast å vere det liberale alternativet.

På spørsmål om Noreg bør ta imot fleire eller færre kvoteflyktningar enn i dag, ser kadettane ut til å vippe meir mot den konservative sida enn til den liberale. Her svara 3,2% at ei burde ta imot «vesentleg fleire enn i dag», 14,7% «ein del fleire enn i dag», 47,9% «som i dag», 19,5% «ein del færre enn i dag» og 7,4% «vesentleg færre enn i dag». Dei fleste av kadettane som svara på spørsmålet ville altså at Noreg skal halde fram med det innvandringsnivået som vi har i dag, men det var fleire som ville redusere dette nivået enn dei som ville auke det.

Etter dette ser ein at dei fleste av kadettane ved Krigsskolen i all hovudsak har støtta liberale og moderate standpunkt i dei aktuelle politiske problemstillingane. Sjølv om dei nemnte funna ikkje kan gi eit fullgodt svar på om kadettane er ei konservativ gruppe eller ikkje, gir iallfall svara deira lite støtte til den ovanfor nemnte hypotesen.

4.2.3 Hypotese 3: Offiserar meiner det er viktig å vere lojal mot politikarane sine avgjerder

I forlenginga av Huntington og Janowitz sine skildringar av offiserskorpsset som ei politisk nøytral gruppe, i den forstand at det tradisjonelt ikkje deltok i det offentlege ordskiftet om partipolitiske spørsmål, oppstår spørsmålet om offiserane sin lojalitet overfor politikarane sine avgjerder etter at dei er tatt. Huntington, som generelt var veldig imot at offiserar skulle involvere seg i politikken (Huntington, 1985, ss. 70-73, 76-77 og 83), understreka også viktigheita av lojalitet og lydigheit overfor politikarane sine avgjerder: «[...] loyalty and obedience are the highest military virtues [...]» (s. 73). Resultata frå TISS-undersøkinga viste ein brei konsensus blant militære leiarar om at offiserar ikkje burde uttale seg om politiske spørsmål eller kritisere politiske leiarar offentleg (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 81). Eg vil derfor undersøke følgande hypotese: «*Offiserar meiner det er viktig å vere lojal mot politikarane sine avgjerder*».

Kadettane vart stilt fire spørsmål som omhandla tilliten og lojaliteten deira til norske politiske leiarar. Dei to første spørsmåla, som søkte å finne ut noko om tilliten dei har til politikarar, er omskrivne versjonar av spørsmål 24 og 27 i TISS-studien. Desse vart tekne med fordi dei kunne tenkast å kaste lys over kvifor/kvifor ikkje ein meiner det er viktig å vere lojal mot

politikarane sine avgjerder. Det første omhandla kor mykje forståing og kunnskap ein trur norske politiske leiarar, dvs. stortingspolitikarar og regjeringsmedlemmar, har om Forsvaret si organisering og daglege verksemd. Her svara 1,1% «veldig mykje», 12,6% «ganske mykje», medan heile 48,9% svara «ganske lite» og 35,3% «veldig lite». Eit stort fleirtal av kadettane synest altså å vere skeptiske til politikarane sine kunnskapar om Forsvaret, enda meir skeptiske enn dei amerikanske offiserane synest å gi uttrykk for i TISS-undersøkinga (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 71).

Det andre spørsmålet som handla om tilliten til politikarane, spurte kadettane om dei trudde at norske politiske leiarar, generelt, deler dei same verdiane som det norske folk. På dette spørsmålet svara eit fleirtal, 56,3%, ja, medan 20% svara nei og 21,6% at dei var usikre. Til samanlikning svara 67,4% av kadettane at dei trudde norske *offiserar* generelt deler dei same verdiane som det norske folk. Sjølv om det dermed var fleire som meinte at offiserar var representative for folket sine verdiar, var det altså eit fleirtal av kadettane som meinte at også politikarane var det.

Dei to siste spørsmåla, som omhandla lojalitet i høve politikarane sine avgjerder, søkte å finne ut om kadettane synest det er greitt at offiserar går ut mot politiske avgjerder dei er ueinige i, offentleg. Spørsmålet var formulert på følgande måte: «Dersom ein høgtståande offiser er ueinig i ei politisk beslutning som angår Forsvaret, synest du han eller ho, generelt, bør kunne gå ut i media og fremje sitt syn?». Det var presisert at det med «høgtståande offiser» var meint «oberst eller høgare i operativ stilling eller stabsstilling», og at offiseren i dette hypotetiske scenarioet «understreker at han fremjar si personlige mening, men at han gjer jobben og stillinga si kjent». På dette spørsmålet svara 53,7% av respondentane ja, medan 35,3% svara nei. Det siste spørsmålet la til grunn det same scenarioet som det førre, men her var spørsmålet utvida til å omfatte alle offiserar, frå fenrik/løytnant og oppover. Her var delen av kadettmassen som svara ja redusert til 37,4%, medan 48,9% svara nei. Ein ser altså at kadettane er splitta i desse spørsmåla, og at fleirtalet av dei meiner at høgare offiserar bør kunne fremje sitt syn i media, men ikkje offiserar av alle grader. Dette trass i at dei fleste kadettane synest å vere skeptiske til politikarane sin kunnskap om Forsvaret. Etter dette må ein legge til grunn at dei nemnte funna vanskeleg kan seiast å korkje bekrefte eller avkrefte den generelle hypotesen om at offiserar meiner det er viktig å vere lojal mot politikarane sine avgjerder.

4.3 Sosial bakgrunn

Offiserane sin sosiale bakgrunn er viktig av fleire grunnar. Samuel Huntington meinte at den var viktig for offisersstanden sin innflytelse i samfunnet. Han hevda at der grovt sett var fire faktorar som spelte inn på den faktiske politiske innflytelsen til offiserskorpset som gruppe, og at gruppetilknytingar var ein av dei. Derfor var dei sosiale gruppene og geografiske områda offiserane kom frå, viktig: «this may be assumed to enhance the influence of the core with that class or section» (Huntington, 1985, s. 88).

Morris Janowitz hevda at offiserane sin sosiale bakgrunn var viktig for sivil kontroll over militæret og tilliten til militærvesenet. Dersom offiserane sin sosiale bakgrunn var representativ for samfunnet elles, ville ikkje denne kunne rokke ved den politiske balansen i offiserskorpset, og offiserane ville ikkje kunne bli skulda for å ha maktambisjonar som ikkje hadde støtte i befolkninga: «In times of conflict this means that draftees and volunteers are led by their own kind, and not by any social strata, whose traditions or aspirations might be suspect» (Janowitz, 1971, s. 80). Sjølv om dette var Janowitz sitt ideale, hevda han ikkje at dette stemte overeins med røynda. Han understreka derfor viktigheita av å undersøke offiserane sin sosiale bakgrunn: «[...] the analysis of the social origins of the military is a powerful key to the understanding of its political logic [...]» (s. 81).

TISS-studien undersøkte også den sosiale bakgrunnen til amerikanske offiserar, og om denne kunne vere med på å bidra til, eller forsterke, avstanden mellom sivile og militære – det tidlegare nemnte sivil-militære «gapet». Undersøkinga fann ei rekke forskjellar mellom sivile og politiske leiarar og resten av befolkninga, og også mellom sivile og politiske leiarar. Blant anna fann ein forskjellar når det gjaldt etnisitet, religion, geografisk opphav og utdanning (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 22).

Etter dette ser vi at det er fleire grunnar til å undersøke offiserane sin sosiale bakgrunn. Den kan påverke både offisersstanden sin politiske innflytelse, sivil kontroll over militæret, dei sivile sin tillit til militærvesenet, den politiske dynamikken internt i offiserskorpset og generelt avstanden mellom sivile og militæret. Ein kan ikkje forvente at den sosiale samansetjinga av den norske offisersstanden liknar den amerikanske, men nokre generelle hypotesar er likevel interessante å samanlikne. I det vidare vil det bli presentert hypotesar om offiserane sin sosiale bakgrunn, som deretter vil bli samanlikna med svara frå respondentane i kadettmassen ved Krigsskolen.

4.3.1 Hypotese 4: Offiserar flest har ikkje foreldre med høgare utdanning

Amerikanske offiserar kom i følge Janowitz tradisjonelt sett frå dei høgare, meir privilegerte sosiale laga. Men etterkvart som militærvesenet auka i storleik, vart offiserskorpsset ei meir heterogen gruppe (Janowitz, 1971, s. 81 og 89). Det finns mange indikatorar på kva sosialt lag eller sosial «klass» ein kjem frå, og ei av dei er utdanning. TISS-studien undersøkte respondentane sine foreldre si utdanning, og kom fram til at dei fleste offisersforeldra ikkje hadde høgare utdanning: 45% av fedrane og 30% av mødrane hadde ei college-grad (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 27). Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn: «*Offiserar flest har ikkje foreldre med høgare utdanning*».

I spørjeundersøkinga til denne studien fekk kadettane spørsmål om foreldra hadde høgare utdanning tilsvarande bachelor-grad eller høgare. 32,6% svara at ein av dei hadde det, 46,8% svara at begge hadde, medan berre 20,5% svara at ingen av dei hadde det. Eit stort fleirtal av kadettane har altså ein eller begge foreldre med høgare utdanning frå universitet eller høgskule. På spørsmål om foreldra hadde høgare utdanning tilsvarande master-grad eller høgare, svara 22,6% at ein av dei hadde det, 15,8% at begge hadde det, 44,2% at ingen av dei hadde det, medan 17,4% ikkje svara. Eit mindretal på 38,4% av respondentane hadde dermed ein eller begge foreldre med master-grad eller høgare grad. Etter dette må ein slå fast at hypotesen om at offiserar flest ikkje har foreldre med høgare utdanning, ikkje er beskrivande for kadettane ved Krigsskolen sin del.

4.3.2 Hypotese 5: Offiserar kjem frå familiar med ei tilknyting til Forsvaret

Eit anna spørsmål som er relevant å undersøke i høve den sosiale bakgrunnen til offiserane, er om desse kjem frå familiar som har ei tilknyting til Forsvaret frå før. Janowitz meinte at det var sannsynleg at ein i eit meir og meir profesjonelt militærvesen, i større og større grad ville måtte basere seg på «sjølvrekuttering», altså å rekruttering av ungane til offiserar og profesjonelle soldatar (Janowitz, 1971, s. 95 og 427). Sjølv om militæret ikkje ville kunne basere seg på å rekruttere eit fleirtal av offiserane frå militärfamiliar, burde det vere ei målsetjing å rekruttere frå sosiale grupper der offentleg teneste og militær karriere var høgt verdsett (ss. 427-428): «Sons of military officers enter the military with an outlook appropriate for perpetuating military traditions and the heroic ideal» (Janowitz, 1971, s. 427). Det var altså etter Janowitz si meining både sannsynleg og ønskeleg at det amerikanske

offiserskorpsset i større grad ville basere seg på «sjølvrekuttering» i framtida. I Noreg, der foreldra til dei noverande offiserane vaks opp med allmenn verneplikt under eit mobiliseringsforsvar, er det nærliggande å tru at brorparten av offiserane kjem frå ei familie med iallfall ei viss tilknyting til Forsvaret. Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn: «*Offiserar har foreldre med ei tilknyting til Forsvaret*».

Kadettane ved Krigsskolen svara på ei rekke spørsmål om foreldra si tilknyting til Forsvaret i undersøkinga til denne studien. På spørsmål om nokon av foreldra deira har gått krigsskule, svara 8,4% at ein av dei hadde det og 1,6% at begge hadde det. 10% prosent av kadettane har altså foreldre som sjølv har vore kadettar og offiserar, og er dermed «sjølvrekuttert» frå offisersstanden. I høve befalsskuleutdanning var tala noko høgare. Her svara 21,1% at ein av foreldra hadde gått befalsskule og 3,2% at begge hadde det. Vidare svara 25,3% at ein av foreldra har jobba i Forsvaret og 5,3% at begge hadde det. Når ein set desse tala i samanheng, ser ein at nesten ein tredel av kadettane (30,6%) har ein eller begge foreldre som har hatt ei tilknyting til Forsvaret - utover det å gjennomføre førstegongsteneste/verneplikt.

På spørsmål om foreldra har gjennomført førstegongsteneste/verneplikt, svara heile 72,6% av kadettane at ein av dei hadde det, og 3,7% at begge hadde det. Eit stort fleirtal - over tre fjerdedeler - av kadettane har dermed ein eller to foreldre som har vore innom militæret. Sjølv om dei fleste kadettane ikkje er «sjølvrekuttert» eller eit resultat av «innavl» i befals-/offiserskorpsset, har altså dei fleste foreldre med ei viss tilknyting til Forsvaret.

4.3.3 Hypotese 6: Offiserar er religiøse, og identifiserer seg med ei kristen trusretning

Janowitz meinte at religiøs tilhøyrigheit og religiøse synspunkt var ein sterk indikator i høve sosial bakgrunn i USA, og at dei fleste amerikanske offiserar tradisjonelt har vore protestantar (Janowitz, 1971, s. 97). Sjølv om TISS-studien viste at ein liten majoritet - 50.6% - av dei militære leiarane framleis var protestantar, var kanskje det mest interessante funnet i denne undersøkinga at berre 0,6% i denne gruppa rekna seg sjølv som agnostikarar eller ateistar. Ein overveldande stor del av respondentane i TISS-undersøkinga identifiserte seg altså med ei eller anna form for religiøs trusretning (99.4%), og ein nesten like stor del identifiserte seg med ei kristen trusretning (98.5%) (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 24 og 25). Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn: «*Offiserar er religiøse, og identifiserer seg med ei kristen trusretning*».

På spørsmålet «Er du religiøs?», utan vidare presisering av kva som låg i dette, svara berre 10% av kadettane ja. Heile 83,2% svara nei, medan 6,8% ikkje svara på spørsmålet. Dette er i seg sjølv ein sterk indikasjon på at kadettane er ei særslig religiøs gruppe samanlikna med amerikanske offiserar. Eit interessant funn var likevel, at på spørsmål om kva livssyn dei identifiserte seg med, var det berre 50% som svara at dei var ikkje-truande, altså agnostikarar eller ateistar. Vidare var det 34,7% som svara at dei identifiserte seg med kristendom, ingen som svara «annan religion», 8,9% «ingen av dei», medan 6,3% ikkje svara. Kva som er grunnen til at 34,7% av kadettmassen svara at dei identifiserer seg med kristendom som livssyn, framfor ikkje-truande, trass i at berre 10% svara at dei var religiøse, er vanskeleg å seie for sikkert. Kanskje ser dei på livssyn som eit verdi- eller identitetsspørsmål framfor eit om religion, eller kanskje reknar dei seg som kristne av «tradisjon». Det er ikkje undersøkinga i denne studien eigna til å svare på.

Etter dette ser vi at det er eit mindretal av kadettane som reknar seg som kristne, og enda færre som reknar seg for å vere religiøse. Ein må dermed konkludere med at hypotesen om at offiserar er religiøse og identifiserer seg med ei kristen trusretning, ikkje er ei passande skildring av kadettane ved Krigsskolen.

4.3.4 Hypotese 7: Offiserar er underrepresentert frå grupper med innvandrarbakgrunn

Det at ei karriere i militæret som oftast byrjar i ein ung alder, er ei av forklaringane Janowitz gir for å anta at relativt få offiserar er innvandrarar. I tillegg hevda han at nasjonal identitet og nasjonalistiske kjensler, gjer ei militær karriere mindre attraktiv for personar med innvandrarbakgrunn (Janowitz, 1971, ss. 81-82). Resultata frå TISS-studien viser at det amerikanske militærvæsenet har fleire leiarar med minoritetsbakgrunn enn det amerikanske forretningslivet. Likevel har offisersstanden vesentleg færre medlemmar med minoritetsbakgrunn enn resten av militæret og befolkninga som heilheit (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 23). Basert på dette må det kunne seiast å vere ei oppfatning at særslig få offiserar har innvandrarbakgrunn og minoritetsbakgrunn. Då Noreg ikkje har den same lange historia med etnisk pluralisme som USA, vil desse to faktorane truleg gå hand i hand. Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn: «*Offiserar er underrepresentert frå grupper med innvandrarbakgrunn*».

På spørsmål om kadettane hadde ein eller begge foreldre med innvandrarbakgrunn (1. eller 2. generasjon), svara eit stort fleirtal av dei at dei ikkje hadde det. Av respondentane svara 9,5%

at ein av foreldra hadde innvandrarbakgrunn, medan berre 1,6% svara at ein av foreldra hadde innvandrarbakgrunn frå eit ikkje-vestleg land, altså eit land utanfor Europa, USA, Canada, Australia og New Zealand. Ingen av dei svara at dei hadde begge foreldre med innvandrarbakgrunn frå eit ikkje-vestleg land. Statistisk Sentralbyrå har ikkje tal som viser svaret på det eksakte spørsmålet som kadettane vart stilt for befolkninga elles. Men ein statistikk frå SSB viser at 17,3% av den norske befolkninga er «innvandrere og norskfødte med innvandrforeldre». Sistnemnte gruppe utgjer 3,2% av folket, men definisjonen som SSB legg til grunn krev at begge foreldra og alle fire besteforeldra skal vere født i utlandet for at ein skal hamne i denne kategorien (Statistisk sentralbyrå, 2018). Ein kan etter dette iallfall konkludere med at innvandrarar og norskfødde med innvandrforeldre er ei underrepresentert gruppe hjå kadettane ved Krigsskolen, og at den ovanfor nemnte hypotesen i så måte synest å passe godt.

4.3.5 Hypotese 8: Offiserar er overrepresentert frå landsdelane med flest militærleirar

Morris Janowitz hevda at offiserar frå dei sørlege statane i USA tradisjonelt hadde vore overrepresentert i den amerikanske hæren. Dette fordi desse områda i stor grad har bestått av små bygder og ikkje-industrialiserte jordbrukssamfunn, der militæret har vore attraktivt som karriereveg og fungert som ein arena for sosial mobilitet (Janowitz, 1971, ss. 25, 85, 87 og 427-428). Sjølv om rekrutteringa frå sørstatane relativt sett hadde gått tilbake etter kvart som det amerikanske militærvesenet hadde blitt større og meir representativt for landet som heilheit, meinte Janowitz at ein ville og burde halde fram med å rekruttere offiserar frå slike landlege område (ss. 427-428). TISS-studien sökte også å finne ut om det geografiske opphavet til offiserane var representativt for samfunnet elles. Ein ville finne ut om den stereotypiske oppfatninga om sørstatane stemte, bl.a. fordi ein mistenkte at personar frå den gamle Konføderasjonen si høge verdsetjing av militæret gjorde at sørstatane var overrepresenterte i offiserskorpsset. Hypotesen fekk berre moderat støtte i TISS-undersøkinga, der offiserar såg ut til å vere relativt representativt rekruttert frå landsdelane i USA (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 25 og 26).

Sjølv om dei tradisjonelle amerikanske oppfatningane om det geografiske opphavet til offiserane ikkje lenger viser seg å stemme i USA, er desse interessante i seg sjølv. Dette særleg fordi det norske militærvesenet dei siste 20 åra har gått gjennom det motsette av det som det amerikanske gjorde på 50-talet: det har blitt vesentleg mindre. Men kan vi finne

tilsvarande oppfatningar om det geografiske opphavet til offiserane i Noreg som Janowitz og TISS-studien ville undersøke? Noreg har ikkje område med ei historie og ein kultur som direkte kan samanliknast med statane frå den gamle Konføderasjonen. Og sjølv om det norske offiserskorpsset nok har vore ein arena for sosial mobilitet i dei landlege jordbruksamfunna i Noreg tidlegare, er denne tendensen neppe relevant i dag. Dei relativt små sosiale forskjellane her til lands, og den avgrensa økonomiske og sosiale statusen som ei karriere i Forsvaret gir, gjer det nok meir sannsynleg at det er andre faktorar som motiverer norsk ungdom til å velje ei militær karriere. Men dersom vi følgjer tankegangen i dei tradisjonelle oppfatningane i dei amerikanske studia vidare, er det kanskje nærliggande å tru at militæret står sterkest i område der Forsvaret står sterkt, og at dette kan seiast å ha ei betyding for rekruttering til offisersstanden. Dette kan tenkast å vere dei områda med mest militært nærvær. Og militært nærvær, over tid, manifesterer seg først og fremst i form av permanente militærbasar. Følgande hypotese vil derfor bli lagt til grunn: «*Offiserar er overrepresentert frå landsdelane med flest militærleirar*».

Dersom ein ser på Hæren sine basar, er dei nesten utelukkande plassert på Austlandet og i Nord-Noreg. Også Forsvaret sett under eitt har eit overveldande fleirtal av basane sine i desse to landsdelane. Den landsdelen med desidert färrast militærleirar, er Sørlandet, medan Vestlandet og Trøndelag har enkelte større Sjø- og Luftforsvars-basar (Forsvaret, u.d.). Dette skulle etter hypotesen tilseie at det relativt sett er flest offiserar frå Austlandet og i Nord-Noreg, og färrast frå Sørlandet.

Svara til respondentane i kadettmassen viser at heile 63,7% av kadettane kjem frå Austlandet, medan 15,3% kjem frå Vestlandet, 9,5% frå Trøndelag, 9,5% frå Nord-Noreg og 2,1% frå Sørlandet. Dersom ein ser på den norske befolkninga som heilheit, kjem 50,5% frå Austlandet, 25,9% frå Vestlandet, 8,7% frå Trøndelag, 9,2% frå Nord-Noreg og 5,7% frå Sørlandet (Statistisk Sentralbyrå, 2018). Dette viser at Austlandet er representert med 26,1% fleire kadettar enn kva folketalet skulle tilseie, Trøndelag 9,2% og Nord-Noreg 3,2%. Vestlandet og Sørlandet derimot, har ein prosentmessig mindre del av kadettane enn kva folketalet skulle tilseie på høvesvis -40,9% og -63,2%.

Det at Sørlandet relativt sett har färrast kadettar i høve befolkningstalet, er i tråd med den ovanfor nemnte hypotesen. Det same gjeld det faktum at Austlandet er den landsdelen som er mest overrepresentert, og at også Nord-Noreg er overrepresentert. Tala for Vestlandet og Trøndelag er noko vanskelegare å grunngi i denne overflatiske analysen. Samla sett må funna

seiast å vise ei viss støtte for den ovanfor nemnte hypotesen, men det er sjølvsagt ikkje slik at desse kan seiast å påvise nokon form for kausalitet mellom dei to forholda.

5 Konklusjon

Denne studien har undersøkt kadettane ved Krigsskolen sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn, og analysert desse i lys av åtte hypotesar basert på i hovudsak tre amerikanske studiar. Svara til kadettane har støtta opp under nokre av desse hypotesane, men ikkje dei fleste. Undersøkinga har funne likskapar mellom dei tradisjonelle oppfatningane og kadettane når det gjeld politisk homogenitet, at ein er underrepresentert frå grupper med innvandrarbakgrunn og at mange kjem frå familiar med ei tilknyting til militæret. Når det gjeld forskjellar har det blitt påvist at kadettane har foreldre med høgare utdanning, er vesentleg mindre religiøse og truleg er mindre konservative samanlikna med dei tradisjonelle amerikanske oppfatningane. I høve geografisk opphav og lojalitet overfor politikarar, har ikkje studien klart å påvise eintydige samanhengar mellom kadettane og dei oppstilte hypotesane.

Undersøkinga som vart gjennomført i høve denne studien kartlegger kadettane på det som om eit års tid vil bli kalla «den gamle studieordninga» på Krigsskolen. Frå og med neste år vil Krigsskolen vere open for søkarar utan tidlegare militær erfaring, og dei økonomiske vilkåra til kadettane vil bli drastisk endra. Det står att å sjå om dette vil få konsekvensar for dei politiske haldningane og den sosiale bakgrunnen til kadettane, og kva konsekvensar dette eventuelt kan få for offisersprofesjonen i Noreg. Denne oppgåva har iallfall gitt eit grunnlag for framtidig samanlikning.

6 Vidare forsking

Denne studien har berre undersøkt kadettane ved Krigsskolen sine politiske haldningar og sosiale bakgrunn, slik den er i dei seks kulla som går der i dag. I tillegg til å gjere eit tilsvarande studie som er gjort i denne oppgåva i høve dei «nye» kadettane, er det ei rekke liknande problemstillingar innan CMR som kan vere nærliggande å forske på. Ved å studere dei same tema i høve kadettane ved dei andre krigsskulane eller studentar frå sivile høgskular og universitet, vil ein kunne samanlikne desse og eventuelt finne «gap» mellom forsvarsgreinene og mellom militære og sivile studentar.

Eit anna interessant tema ville ha vore i kva grad dei politiske haldningane til offiserane utviklar seg over tid, som ein konsekvens av lang teneste. Ein vil då kunne søke å påvise om, og eventuelt kva, ved ei teneste i Forsvaret som gjer at offiserar tileignar seg visse haldningar og verdiar over tid. Det vil i forlenginga av dette også vere fruktbart å studere samanhengane

mellan dei politiske haldningane og den sosiale bakgrunnen til kadettane og t.d. deltaking i internasjonale operasjonar, tenestestad og våpengrein. Kan desse faktorane tenkast å påverke haldningane og verdiane til offiserane? Og dersom det er tilfelle, kva skuldast dette?

7 Litteraturliste

- Clausewitz, C. (1976). *On War*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Feaver, P., Kohn, R., & Cohn, L. (2001). The Gap Between Military and Civilian in the United States in Perspective. I P. Feaver, & R. Kohn, *Soldiers and Civilians: The Civil-Military Gap and American National Security* (ss. 1-11). Cambridge, Massachusetts/London, England: MIT Press.
- Forsvaret. (u.d.). *Sjå kvar vi held til*. Hentet fra www.forsvaret.no:
<https://forsvaret.no/fakta/tjenestesteder>
- Gibson, C. P. (2009). Enhancing National Security and Civilian Control of the Military: A Madisonian Approach. I S. Nielsen, & D. Snider, *American Civil-Military Relations: The Soldier and the State in a New Era* (ss. 239-263). Baltimore: The Johns Hopkins University Press.
- Huntington, S. P. (1985). *The Soldier and the State: The Theory and Politics of Civil-Military Relations* (fornyet utgave). Cambridge, Massachusetts/London, England: The Belknap Press of Harvard University Press.
- Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (2. utgave). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Janowitz, M. (1971). *The Professional Soldier* (fornyet utgave). New York: The Free Press.
- Johannessen, A., Tufte, P., & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utgave). Oslo: Abstrakt forlag.
- Statistisk Sentralbyrå. (2018, februar 23). *Folkemengde og befolkningsendringar*. Hentet fra www.ssb.no: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkemengde>
- Statistisk sentralbyrå. (2018, mars 5). *Innvandrere og norskfødte med innvanderforeldre*. Hentet fra www.ssb.no: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvbef>

Vedlegg

Spørjeskjema 1: Generell info

A1. Går du fireårig gjennomgående krigsskule (Krigsskolen Gjennomgående)?

- 1. Ja
- 2. Nei

A2. Alder (ved utgangen av 2018)

- 1. 23 eller yngre
- 2. 24-27
- 3. 28 eller over

A3. Kva landsdel kjem du frå?

(Dersom du har vakse opp i forskjellige landsdelar, set ring rundt det alternativet du budde lengst i før fylte 18 år)

- 1. Austlandet (Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark)
- 2. Sørlandet (Aust-Agder, Vest-Agder)
- 3. Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal)
- 4. Trøndelag
- 5. Nord-Noreg (Nordland, Troms, Finnmark)

Spørjeskjema 2: Bakgrunn før Krigsskolen

B1. Går du fireårig gjennomgående krigsskule (Krigsskolen Gjennomgående)?

- 1. Ja
- 2. Nei

B2. Høgste fullførte (sivile) utdanning før Krigsskolen

- 1. Vidaregåande skule
- 2. Årsstudium eller tilsvarende (v/høgskule eller universitet)
- 3. Bachelorgrad eller tilsvarende, eller høgare (v/høgskule eller universitet)

B3. Kva for linje gjekk du på vidaregåande?

- 1. Allmennfag/Studiespesialisering
- 2. Idrettsfag
- 3. Yrkesfag
- 4. Anna vidaregåande utdanning

B4. Kor mange år jobba du i Forsvaret før du byrja på Krigsskolen (inkludert befalsskule, ekskludert førstegongsteneste)?

- 1. 1-2
- 2. 3-5
- 3. Over 5

B5. Gjennomførte du førstegongsteneste før du byrja på befalsskule?

- 1. Ja
- 2. Nei

Spørjeskjema 3: Foreldre sin bakgrunn 1 av 2

C1. Går du fireårig gjennomgående krigsskule (Krigsskolen Gjennomgående)?

- 1. Ja
- 2. Nei

C2. Kor stor er foreldra dine si samla inntekt?

- 1. Under 1 million
- 2. Mellom 1 og 2 millionar
- 3. Over 2 millionar

C3. Har foreldra dine gjennomført førstegongsteneste/verneplikt i Forsvaret?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

C4. Har foreldra dine vore tilsette (ansatt) i Forsvaret?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

C5. Har foreldra dine gått befalsskole?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

C6. Har foreldra dine gått krigsskole (Krigsskolen, Luftkrigsskolen eller Sjøkrigsskolen)?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

C7. Har foreldra dine høgare utdanning tilsvarende bachelor-grad eller høgare?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

C8. Har foreldra dine høgare utdanning tilsvarende master-grad eller høgare?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

Spøreskjema 4: Foreldre sin bakgrunn 2 av 2

D1. Har foreldra dine innvandrarbakgrunn (1. eller 2. generasjon)?

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

D2. Har foreldra dine innvandrarbakgrunn (1. eller 2. generasjon) frå eit ikkje-vestleg land? Med «ikkje-vestleg land» er her meint land utanfor Europa, USA/Canada eller Australia/New Zealand.

- 1. Ingen av dei
- 2. Begge
- 3. Ein av dei

Spøreskjema 5: Politikk og livssyn

E1. Går du fireårig gjennomgåande krigsskule (Krigsskolen Gjennomgående)?

- 1. Ja
- 2. Nei

E2. Kva parti stemte du på ved stortingsvalet 2017?

- 1. Rødt
- 2. Sosialistisk Venstreparti
- 3. Arbeiderpartiet
- 4. Senterpartiet
- 5. Miljøpartiet De Grønne
- 6. Kristelig Folkeparti
- 7. Venstre
- 8. Høyre
- 9. Fremskrittspartiet
- 10. Anna parti
- 11. Stemte ikkje

E3. Har du vore medlem av eit politisk parti?

- 1. Ja
- 2. Nei

E4. Er du medlem av eit politisk parti?

- 1. Ja
- 2. Nei

E5. Kor mykje forståing og kunnskap trur du norske politiske leiarar, generelt, har om Forsvaret si organisering og daglege verksemd? Med «norske politiske leiarar» er det her meint stortingspolitikarar og regjeringsmedlemmar.

(Jf. TISS-undersøkinga Q24 (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 481))

- 1. Veldig mykje
- 2. Ganske mykje
- 3. Ganske lite
- 4. Veldig lite
- 5. Inga meinung

E6. Trur du norske politiske leiarar, generelt, deler dei same verdiane som det norske folk? Med «norske politiske leiarar» er det her meint stortingspolitikarar og regjeringsmedlemmar.

(Jf. TISS-undersøkinga Q25 (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 482))

- 1. Ja
- 2. Nei
- 3. Usikker
- 4. Inga meinung

E7. Trur du norske offiserar, generelt, deler dei same verdiane som det norske folk?

(Jf. TISS-undersøkinga Q27 (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 482))

1. Ja
2. Nei
3. Usikker
4. Inga meinung

E8. Synest du det er viktig at norske offiserar deler dei same verdiane som det norske folk?

1. Ja
2. Nei
3. Inga meinung

E9. Synest du homofile bør få tenestegjere opent i Forsvaret? Med «opent» er det her meint at dei er opne om si seksuelle orientering på same måte som heterofile.

(Jf. TISS-undersøkinga Q59 (Feaver, Kohn, & Cohn, 2001, s. 492))

1. Ja
2. Nei
3. Inga meinung

E10. Er du, generelt, for kjønnsnøytral verneplikt?

1. Ja
2. Nei
3. Inga meinung

E11. Synest du at staten Noreg har eit ansvar for å ta inn så mange kvoteflyktningar som mogeleg? Med «kvoteflyktningar» er her meint flyktningar som går gjennom eit organisert uttak, i samarbeid med FN. Med «mogeleg» er her meint så mange som vi klarer å integrere på ein god nok måte.

1. Ja
2. Nei
3. Inga meinung

E12. Synest du Noreg bør ta imot fleire eller færre kvoteflyktningar enn vi gjer i dag? Med «kvoteflyktningar» er her meint flyktningar som går gjennom eit organisert uttak, i samarbeid med FN.

1. Vesentleg fleire enn i dag
2. Ein del fleire enn i dag
3. Som i dag
4. Ein del færre enn i dag
5. Vesentleg færre enn i dag

E13. Dersom ein høgtståande offiser er ueinig i ei politisk beslutning som angår Forsvaret, synest du han eller ho, generelt, bør kunne gå ut i media og fremje sitt syn? Med «høgtståande offiser» er her meint oberst eller høgare i operativ stilling eller stabsstilling. Spørsmålet legg til grunn at offiseren understrekjer at han fremjar si personlige meinung, men at han gjer jobben og stillinga si kjent.

1. Ja
2. Nei
3. Inga meinung

E14. Dersom ein offiser er ueinig i ei politisk avgjerd som angår Forsvaret, synest du han eller ho, generelt, bør kunne gå ut i media og fremje sitt syn i den offentlege debatten? Med «offiser» er her ment offiserar av alle grader, frå fenrik/løytnant og oppover. Spørsmålet legg til grunn at offiseren understreker at han fremtar si personlige meining, men at han gjer jobben og stillinga si kjent.

1. Ja
2. Nei
3. Inga meining

E15. Er du religiøs?

1. Ja
2. Nei

E16. Kva for eit av desse livssyna identifiserer du deg med?

1. Kristendom
2. Annan religion
3. Ikkje-truande (ateisme, agnostisisme)
4. Ingen av dei ovanfor nemnte

E17. Er du medlem av eit trus-/livssynsamfunn?

1. Ja
2. Nei